



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
21/2020	Eldrerådet	PS	22.10.2020
11/2020	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	26.10.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE-145	20/540

HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2021 -2024 - TIL UTTALE

Vedlegg:

Handlingsprogram og økonomiplan 2021-2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utvalet/rådet tek saka til orientering og gjev følgjande uttale:

Eldrerådet - Sak 21/2020

ELD - Behandling:

ELD - Tilråding/Vedtak:

Utvalet/rådet tek saka til orientering og gjev følgjande uttale: Eldrerådet viser til satsinga på aldersvenleg samfunn og trong for lettstelte og tilrettelagde leilegheiter i kommunen og ber kommunestyret ta inn att prosjekt bustadar Jamne i økonomiplanen

Saksopplysningar:

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Handlingsprogram og økonomiplan 2021 -2024 vert vedtatt slik den ligg føre.

Før behandling i kommunestyret skal handlingsprogrammet knytta til oppvekst verte utvida med målsettingar for alle deler av oppvekst, inkludert skulehelse- og helsestasjonstibod, psykisk helsearbeid for born og unge og barnevern.

Kommunestyret ber rådmannen ta ut prosjekt bustader Jamne i økonomiplan. Kommunestyret ønskjer å sikre drift av mellom anna ungdomsklubb i framtida.

Saksutgreiing:

Kravet til handlingsprogram er heimla i Plan-og bygningslova §11-1 *Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.*

Det lovmessige grunnlaget for økonomiplan finn ein i Kommunelova kapitel 14

§ 14-4.Økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.

Departementet kan gi forskrift om bevilgningsoversikter, økonomiske oversikter og oversikter over utviklingen i gjeld.

Vaksdal Kommune står forran krevjande tider økonomisk og dette er omtalt i økonomiplanen for 2021-2024. Talgrunnlaget i økonomiplanen byggjer på dei vedtak og føringar som er gitt tidlegere og sentrale føringar for inntekt og folketal. Det vil vere utfordrande å møte dei nye rammene i økonomiplanperioden og det kan medføre endringar i tenestetilbodet. Akkurat korleis dei nye rammene vil slå ut for den einskilde tenesta vil vi kome tilbake til i det enkelte årsbudsjett.

Det er særleg 3 utfordringar som vil prege Vaksdal Kommune i åra frametter. Det er nedgang i folketalet, alderssamansetningen av befolkningen og den store auken i kapitalutgifter. Ei framskriving av folketalet viser ein motsatt tendens i kommunen enn i fylket. Medan fylket har ein svak auke har Vaksdal kommune ein reduksjon i perioden framover.

Kommunen sitt folketal har dei siste åra blitt redusert og i åra frametter vil det samstundes vere eit auka behov for tenester innan helse og omsorg. Dette har samanheng med at befolkningen blir eldre. Kommunen har også ein nedgang i talet på personar mellom 20-66 år. Det medfører at vi må levere tenester med eit anna omfang og ein anna type tenester enn vi gjer i dag. På tenester til eldre ser vi at utgiftene allereie er høge samanligna med andre samanlignbare kommunar. Det er også her kommunen vil få auka behov for å levere tenester fram mot 2030-2040.

Auken i kapitalutgifter er ein anna utfordring som vil påverke det tenestetilbodet som kommunen kan levere. Auken i kapitalutgifter som ligg i økonomiplanen kjem frå inesteringane som er gjort og ligg framfor oss. Rentenivået er lågt akkurat no og er redusert samanligna med tidlegare år, men når kommunen har store investeringar kvart år så ser vi ikkje ein nedgang i kapitalutgiftene. Ved renteauke vil dette forverre situasjonen ytterlegare og akkurat no er renta på eit historisk lågt nivå. Det er i liten grad lagt opp til eigenkapital ved investeringar.

Vaksdal Kommune har hatt stor grad av økonomisk handlingsrom. Dette har endra seg til å karakteriserast som eit moderat økonomisk handlingsrom. Ved for stor bruk av disposisjonsfond i rekneskapen vil dette gjere slik at kommunen får liten grad av økonomisk handlingsrom. For å motverke dette bør kommunen redusere bruk av disposisjonsfond gjennom ei tilpassa drift. Dersom ikkje drifta er berekraftig vil det medføre auka bruk av disposisjonfond for å unngå underskot som igjen reduserar kommunen sitt handlingsrom ytterlegare.

Økonomiplanen vil danne grunnlaget for arbeidet med budsjettet for 2021 som allereie er godt i gang. Framlegg til årsbudsjett for 2021 kjem til behandling i haust med vedtak i desember. Utfordringane i økonomiplanperioden er store og rådmann vil komme meir tilbake til dette i budsjetthandsaminga seinare i haust.